




Det kom berre 20 i kyrkja i kveld

Det er mykje folk i Uskedalen i påska, men berre 20 av dei gjekk i kyrkja i kveld.
 Der preika sokneprest Jan Ove Totland som i Kvinnheringen onsdag opplyste at oppslutnaden om gudstenestene i påskehelga er bra i Kvinnherad.
 Det var kollega Sven Harald Nilsen samd i og han viste til alle påsketuristane.



Jan Ove Totland held langfredagspreike i Uskedalskyrkja

- Korleis harmonerar dette, spør uskedalen.no Totland.
 - Framfor alt er eg glad for alle som kjem og er ikkje skuffa over frammøtet.
 Eg kjenner heller ikkje så godt til tradisjonane her i Uskedalen når det gjeld tidspunkta for påsegudstenestene, er sokneprestens svar- Tidlegare på dagen i dag hadde han gudsteneste i Holmedal og der var 32 møtt fram. Kveldsgudstenestene er begrunna med at folk kan få nytta naturen på dagtid og gå i kyrkja om kvelden.

I Uskedalen har vi ingen fast gudsteneste-tradisjon i påska men det er i alle fall ikkje vanleg å halda gudsteneste om kvelden på langfredag. I fjor var det gudsteneste om føremiddagen og då kom det 68, noko som tyder på at det er eit heldigare tidspunkt. Det blir også mint om at det var over 100 i kyrkja palmesundag men det bør opplysast at då vart 5 barn døypt.

Sokneprest Totland har uttala seg i samband med at Frelsesarme-offiser Knut Risan har klagt over dårleg frammøte i kyrkja i påska og gått inn for nedkutting på dei raude dagane for å auka besøket, Det går Totland sterkt imot og held fram at heilagdagane aukar

medvitet og strekar under påskebodskapen.
Totland meiner Risan peikar på eit byfenomen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen